



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
071 01944 - 329	
DATO 28 APR. 2005	
AN 521	EKSP.

Saksnr.
05/00608-005

Arkivkode
646 S05

Etat/Avd/Saksb Deres ref.
SA/SAADM/GB

Dato
27.04.2005

NOU 2004:26 HEIMFALL - HØYRING


Tingvoll kommunestyre har i møte den 21.04.2005, saksnr 0011/05 fattet følgende vedtak:

Tingvoll kommunestyre sine synspunkt kan samanfattast slik:

- Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og berører vitale verdiar for det norske samfunnet både i dag og for våre etterkommarar. Saka må ikkje fremmast for endeleg behandling før grundige konsekvensutgreiingar ligg føre. Saka si store betydning tilseier at befolkninga må få vere med på å ta stilling til saka gjennom det kommande stortingsvalet. Saka må difor ikkje behandlast endeleg før neste stortingsperiode.
- Elektrisk straum er i tillegg til handelsvare også ein heilt nødvendig infrastruktur i samfunnet. Det er difor viktig med ein tung og spreidd offentleg eigarskap. Nye heimfallsreglar må ha som mål å sikre slik eigarskap.
- Fleirtalet sitt forslag kan føre til press på sal av offentlege eigardelar og tek ikkje vare på verken dei nasjonale interessene eller omsynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar.
- Mindretalet sitt forslag gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar. Transaksjonsalternativet er den modellen som klart best ivaretek kommunen sine interesser som eigar både på kort og lang sikt.

Den norske stat må sørge for ei avklaring av EØS-avtalen si betydning for framtidige konsesjons- og heimfallsregler. Vi viser i den samanheng til utgreiinga til KS frå dr. juris Finn Arnesen, som viser at Norge har eit større handlingsrom enn det som kjem fram i utvalet si innstilling. Kommunen meiner difor at fleire alternativ enn fleirtalet og mindretalet sitt syn må utgreiast før saka blir lagt fram for Stortinget.

Med helsing



Greta Bårdsen
arkivleiar